

ESA og privatisering, forslag til uttale på årsmøtet 2018.

Fri konkurranse og etableringsrett er eit viktige omgrep i Lisboatraktaten. **EU** for oss gjennom ESA, har eit konstant argusblikk retta mot Noreg for å sjå til at me er lydige og underdanige.

Ei sak som har vore framme tidlegare, har dukka opp igjen på sakskartet. Det handlar om privatisering av ein del offentleg verksemd. Verksemd der det offentlege utøver aktivitet og byr fram tenester som andre aktørar også ønskjer å tilby. Ankepunktet mot det offentlege i slike saker er at offentleg drift har skattefritak og ikkje kan slåast konkurs. I EU sine augo tyder dette konkurranserivering, og det smakar ikkje godt i Brussel. Kravet frå ESA vert hevdå å vera at slik verksemd skal skiljast ut i eigne AS, og at det ikkje skal kunna tilbydast teneste til prisar under marknadsnivå. For å sikra dette vert det kravd at eit slik AS skal syna overskot.

Kva konkret snakkar me om? Det handlar om idrettsanlegg drivne av det offentleg, symjehallar, reinhald, storkjøkken for levering av mat til institusjonar, ja nær sagt kva som helst der andre aktørar kan tenkja seg å tilby same produkt eller teneste. Som kjent skil ikkje EU på sal av brød og sal av helsetenester, marknadsmessig skal dette handsamast likt.

Det at det offentlege er verna frå konkurs og skattebetaling, kan etter ESA sitt syn, definerast som statsstøtte, og det er ulovleg, det hemmar lik og fri konkurranse.

Eit utval sett ned av Nærings- og fiskeridepartementet vil innan kort tid koma med framlegg om korleis offentleg sektor bør omorganiserast for å hindra at private vert utkonkurrerte. Ei storstilt omorganisering av offentleg sektor vil vera eit steg på vegen til å oppnå meir privatisering og mindre aktivitet i offentleg regi.

Hordaland Nei til EU meiner at Regjeringa i denne saka, brukar EØS og EU sin politikk for å fremja eigen politikk.–Argumentet om å måtta lya ESA og EU vert berre brukt som eit vikarierande motiv.

Nedbygging av offentleg verksemd svekkjer velferdsstaten og den gode norske modellen.

Hordaland Nei til EU krev at regjeringa set norske interesser framfor krav frå ESA og EU i denne viktige saka, og at storstilt omorganisering av offentleg verksemd ikkje vert tillate.